Rogaland og Randaberg består, Nye Sandnes henger i tynn tråd

➤ Høyre, Frp, KrF og Venstre har vært i hemmelig møte hos statsministeren.

NYHETER SIDE **8**

Stavanger Aftenblad

UKE 06 NR. · 125. ÅRGANG · LØSSALG: KR 35,00

www.aftenbladet.no

MAGASIN

FOTO: JONAS HAARR FRIESTAD

Født i farta

➤ Lyder kom raskare enn Hilde Hauge hadde rekna med. Fødslar i bilen eller på badet skjer stadig vekk både i byane og på bygda. Me har samla **fødselshistoriene til 11 kvinner og ein jordfar**.

SIDE 2-13

Følg spreke unger til Fister-senderen

Side 32–35

64 SIDERS HELGEMAGASIN

LUFTSLOTTET DALE

Slik ble fylkeskommunen kvitt sin største verkebyll Side 24–29

7 025693 000017

REPORTASJE

FØDSLAR I FARTEN

Mange barn fødde utanfor sjukehus – i vegkanten, i baksetet på ein taxi, på ferja eller rett og slett heime på golvet. Sentralisering av fødeavdelingar har sin pris. Mange har fått lang reiseveg til sjukehuset.



Å føde i bilen eller på badet skjer stadig vekk både i byane og på bygda. Me har samla fødselshistoriene til 11 kvinner og ein jordfar. Desse har opplevd både heimefødslar og transportfødslar.

Til å illustrera historiene har me fått bruka private bilete som er tatt like etter fødslane. Desse viser godt det fortetta dramaet ein fødsel er, men også den lysande lukka og forfjamselsen som følgjer med å få eit barn i ein fart. Alle desse fødslane enda godt, men historia har eit meir alvorleg bakteppe. På grunn av sentralisering av fødeavdelingar og lang reiseveg, blir stadig fleire barn fødde utanfor sjukehus. Samstundes blir følgjetenesta med jordmor fjerna fleire stader i Norge, som i Strand, Forsand og Hjelmeland.

Årsaka til dette er trong kommuneøkonomi og jordmormangel. Alle kvinner som bur meir enn 1,5 timar frå fødeinstitusjon har rett til å bli følgde av jordmor under transport til sjukehus, på statens rekning. Denne ordninga omfattar mellom anna kvinner i Suldal og Sauda, men dei aller fleste kvinner i Rogaland har ingen rett til å få jordmor med seg på veg til sjukehuset.

Men som tilfellet var i ytre Ryfylke, valde kommunane lenge sjølv å betala for ei slik teneste, fordi reisetida for mange kvinner i Forsand, Strand og Hjelmeland også er ganske lang, og inneber bruk av båt eller ferje.

HEIDI HJORTELAND WIGESTRAND
journalist
heidi.hjorteland@aftenbladet.no

HILDE MOI ØSTBØ
journalist
hilde.moi.ostbo@aftenbladet.no

JONAS HAARR FRIESTAD
fotograf
jonas.haarr.friestad@aftenbladet.no

Lyder og mamma Hilde Hauge blant små og store traktorer.

Hilde Hauge (32) frå Fister:

Lyder blei fødd på soverommet

Torsdag kveld 20. mars 2014 sit høggravide Hilde heime i stova og sende tullesnappar av ein baby ho hadde funne på nettet, til vener og kjende for å lura dei til å tru at barnet var født. Alle beit på og ho kunne nøgd konstatera at spøken var vellukka.

At det snart skulle gå troll i ord, aner ho ingenting om då ho rundt midnatt gjer seg klar til å gå til sengs.

Ho ventar sitt tredje barn og terminen er fem dagar unna. Jordmorkontrollen dagen før viste rundt 3 centimeter opning, så ein fødsel i løpet av helga, ville det nok bli, tippa jordmora.

Som ein ballong sprekk

Klokka 23.30 legg Hilde seg i senga. Få minutt etter høyrer ho eit lite knepp, nett som når ein ballong sprekk, og fostervatnet fossar ut. Det første ho tenkjer på er at ektemannen Joar nettopp har tatt på nytt sengtøy. Hilde sprett ut av senga for å berga madrassen.

Joar vaknar brått og får fart på seg då han skjønar kva som har skjedd. Hilde tek seg ein rask dusj og ringer jordmora, medan mannen får mor si hus for å passa dei to eldste barna.

Ennå har ho ingen rier. Jordmor Elisabeth Nessa som også bur på Fister er på plass klokka 00.05. Joar er sjeleglad for å ha fått henne i hus.

Rett før klokka 12 byrjar riene og dei blir raskt kraftige. Jordmora ringer legebåten som er 20 minutt unna kaien på Fister. Hilde og jordmora får beskjed om å gå i bilen klokka 00.25 og kjøra ned til kaien. Mannen, svigermora, jordmora og Hilde blir gåande og vente i stova. Her står også den ferdigpakka bagen.

Føder utan lyd

Klokka 00.20 kjenner Hilde at det byrjar å bli så vondt at ho treng litt ro rundt seg. Ho går difor inn på soverommet og set seg på senga. Jordmora kjem etter og meiner det nok er på tide å komma seg i bilen. Det seier Hilde at ho ikkje vil greie.

Då får Hilde ei kraftig ri og midt inne i ria, hugsar ho at ho tenkjer: Eg kjem meg aldri til sjukehuset før barnet kjem. I neste ri, slår det henne: Eg kjem meg ikkje ut døra i det heile tatt. Hilde ber jordmora om å undersøka henne.

Den fødande har neste full opning, og etterpå et det berre tut og køyr, som Hilde uttrykker det. Mens Hilde er i fødsel, har jordmora roleg og effektiv bede ektemannen til Hilde henta handklede og anna utstyr til henne. Svigermora lukkar dørene til barneromma, men Hilde føder heilt utan lyd.

– Eg blei ikkje nervøs då eg forstod at barnet ville bli fødd heime i senga, berre uendeleg letta over at eg slapp å gå ut i bilen, fortel ho.

Klokka 00.37 kjem Lyder til verda. 3410 gram tung og 49 centimeter lang.

Overraska svigermor

Hilde registrer svigermora utbryta «Herlighet» då ho høyrer barnegråt gjennom veggen.

Ho klipper sjølv navlestrengen og mannen skaffar til vege ein plastpose til morkaka som må bli med til sjukehuset i byen.

Mora får barnet oppå seg like etterpå. Hilde hugsar jordmora masserer sonen litt ekstra på ryggen fordi ho vil ha betre lyd i han. Ho minnest ennå kjensla av å liggja der med guten på magen så raskt, og så heime.

Med bylten godt innpakka i ei dyne ber det på båre inn i bilen og ned til den ventande legebåten.

Også med dei to første barna reiste ho med båt til sjukehuset. Men då var det riene ho var oppteken av og ikkje båtturen. Denne siste båtturen sit spikra i minnet, fordi ho var i lukkerus og stadig måtte gløtta ned på den vesle luringen under dyna og lukte litt på han.

Jordmødrene er gull verd

– Stemninga på båten var kjempegod, og jordmora følgde meg heilt inn på sjukehuset, fortel Hilde.

Også Hilde er opprørt over at følgjetenesta er i fare og er glad for at ho er ferdig med å føde.

– Mange føder raskt. Rettnok vil ein ha ambulansefolk på båten, men det kjennest ekstra trygt å ha ei jordmor med på ferda anten fødselen skjer under transport eller ikkje, understrekar Hilde Hauge.

Fisterkvinna skryt av jordmødrene ho har hatt under svangerskapa sine. To gonger har ho opplevd at jordmødrer har vore med henne til byen utan at dei har hatt vakt.

Mor og barn fotograferte heime i senga på Fister like etter fødselen.
FOTO: PRIVAT

Stovefødselen er ikkje fotografert, men her er den nybakte mora Karin Elisabeth og dottera fotograferte like etter dei kom fram til sjukehuset. Her er dei flankerte av pappa Arve Wathne, jordmor Kari Kjellaug Voster og to ambulansearbeidarar på legebåten.

Karin Elisabeth (41) frå Tau:

Ho fødde på huk heime i stova

Karin Elisabeth Kaald Wathne si tredje dotter Mathilde er fødd på stovegolvet i huset på Tau.

Stova har fått ein spesiell plass i minnet ditt etter dette?

–Ja, det er klart det var spesielt, men det er jo slik at kvardagane et deg litt opp, så eg tenkjer ikkje på fødselen kvar gong eg går over stovegolvet, seier Karin Elisabeth og ler.

Det er den 11. august 2014, og seks dagar igjen til termin. Karin Elisabeth kjenner det murrar litt i magen, men tenker ikkje meir over det. Ho følger den nest eldste dottera i barnehagen og dreg sjølv til jordmortime ei stund etterpå.

Det murrar i magen

Her blir ho undersøkt og jordmora kan konstatera to centimeter opning, men det er ingen klare teikn på at fødselen er i gong, så Karin Elisabeth dreg heim og lagar til middag, framleis med ei småmurring i magen, men ikkje så ille at ho trur at barnet er på veg ut.

Karin Elisabeth kjenner det murrar litt i magen, men tenker ikkje meir over det.

Heile familien et middag klokka 15.30. Ein time seinare kjenner Karin Elisabeth at riene byrjar å ta av og ho ringer jordmora. Ektemannen får dei to eldste døtrene til barnevakt rundt klokka 16.45, og 17.20 står jordmora på døra.

Ambulansen kjem like etter, bilen skal kjøra henne til Tau kor ho skal om bord i ambulansebåt.

Riene går no i eitt. Jordmora undersøker Karin Elisabeth i sofaen og kan konstatera at kvinna er i fødsel. Fødekvinna Karin Elisabeth vel å setja seg på huk på stovegolvet medan ho held seg i ein stol.

Klokka 17.55 er Mathilde ute. Ho er 3745 gram og 50 cm lang.

–Det blei eigentleg ei veldig fin oppleving, min beste fødsel fordi han gjekk så fort og greitt. Det var veldig bra å sitja fordi eg då fekk hjelp av tyngdekrafta. I ettertid har eg eit minne av at mannen min helst sat i sofaen med eit halvforfjamsa uttrykk i ansiktet, men sanninga var at han gjekk frå og til med handklede og andre ting jordmora og ambulansepersonellet bad om, fortel Karin Elisabeth.

Mathilde blei berre tørka litt av, deretter blei ho lagt på moras bryst, godt innunder dyna, dermed bar ferda til Tau og ein tur med båt i høg sjø.

Ho minnest ennå kjensla over kor godt det var å vera ferdig med «jobben» før ho kom til sjukehuset.

Sårbart

Likevel ville Karin Elisabeth aldri planlagt ein heimefødsel.

–Uventa ting kan skje. Det heile er veldig sårbart. Då eg fødde mi eldste, måtte ho ut med sugekopp fordi hjarterytmen hennar blei for dårleg. Når eg likevel måtte føde heime var det utruleg trygt å ha jordmor og ambulansepersonell rundt meg. Eg er veldig skeptisk til at følgjetenesta for fødande i ytre Ryfylke nå er borte og er glad for at eg fekk alle dei barna eg skal ha før dette tilbodet fall vekk, seier ho.

Wathne legg til at dei som ikkje har fødd før kanskje ikkje vil tenkje så mykje over det, men for dei som har opplevd å få følgje av helsepersonell på veg til sjukehuset, vil nok kjenna det spesielt utrygt å vera overlatne til seg sjølv, når reisevegen er lang, påpeiker ho.

–Når det er sagt hadde me nok mista det gode tilbodet uansett når Ryfast opnar, for då får me jo kortare reiseveg, seier Karin Elisabeth.

–Dei fantastiske jordmødrene skaper tryggleik, slår ho fast.

Jorunn Nærheim (33) frå Fister:

Fødde i storm på Tau-ferja

Dagane 13 og 14. mai 2012 står meisla i minnet til Jorunn Nærheim.

Ho vakna om natta med murring i magen, og låg vaken i fleire timar, men så kom dagen og ho blei virvla inn i tusen gjeremål i samband med eldstejenta si toårsfeiring. 19 gjester skulle trakterast og underhaldast. Om kvelden var det ei sliten, men nøgd mor som la seg til på sofaen. Ute stod far og skrudde skilt på den nye bilen familien hadde kjøpt.

Inne i sofaen kjende Jorunn magemurringa auka på og klokka 21.30 ringde ho jordmor, som ein time seinare kom og slo fast at fødselen var i gong. På grunn av stormen kunne ikkje legeskyssen komma til Fister, Jorunn og mannen kjørte difor til Fisterkrysset for å møta ambulansen der.

Pinefull tur til Tau

Turen til Tau blei smertefull for den fødande. På Tau meinte jordmora Jorunn burde leggja seg ned på båra for å få litt kvile. Fisterkvinna er full av adrenalin og skakar og skjelv.

Smertene er infernalske og Jorunn tenkjer med gru på den førre fødselen som varte i over to døgn. Skal ho ha slike smerter i timevis, tenkjer ho forskrekka.

Stormen uler utanfor sykebilen. Ferjesambandet på Tau har vore stengt ein periode, men på grunn av ambulansen vel mannskapet å leggja ut på fjorden att.

Stemninga i ambulansen er fortetta. Den fødande kvinna har sterke smerter, men må også konsentrera seg om å halda seg fast i båra på grunn av bølgjene. Då jordmora undersøker henne utbryt ho at ho må presse, og jordmora kan berre konstatera at nå må naturen få gå sin gong, sjølv om transporten ennå er over eit kvarter unna sjukehuset i byen.

Temperaturen i ambulansen blir skrudd opp på maks for at den nye verdsborgaren ikkje skal frysa.

Navlestrengen rundt halsen

Jordmora ber ektemannen til Jorunn ta ned jordmorkofferten og gi henne handklede. Raskt. Jordmora sit på huk i fotenden på båra. Det er trongt, og travelt, men ho veit kva ho har å gjera. Og ho gjer det.

I ein lynblenk slår det den smerteherja mora som sjølv har vore ambulansesjåfør, at no kjem ho til å grisa til heile bilen.

Like før bybrua natt til 14. mai 2012 er det inga bøn lenger. På andre pressria er jentebarnet ute, og ambulansen er overspylt av fostervatn.

Ho lagar mest ikkje lyd, så ho trur ikkje dei få andre bilane om bord skjønar at ferja brått fekk ein passasjer ekstra under den ruskete overfarten.

Barnet er blått og har navlestrengen to gonger rundt halsen, men Hilde er for utmatta til å registrera kor innbitt jordmora arbeider med å få pusten i den vesle kroppen. Omsider kjem det etterlengta skriket. Barnet blir tørka av og tulla inn i handklede og lagt under moras dyne. På hovudet får det ein vaskeklut for å hindra varmetap.

Erika kom til verda på storesøster sin bursdag, kl. 00.35 14. mai. Babyen er 3780 gram og 51 centimeter lang.

– Vittige tunger meinte me burde kalla henne Kaia sidan ho nesten blei fødd på kaien i Stavanger, men det blei Erika, fortel Hilde med ein lått.

Lovprisar jordmora

– Denne fødselen var ti gonger betre enn den langdryge fødselen eg hadde med førstemann, sjølv om det var intens mens det stod på. Eg må berre prisa meg lukkeleg over at me då framleis hadde følgjeteneste då eg fødde, med tanke på at barnet var blått og hadde navlestrengen rundt halsen då det kom ut, seier ho alvorleg.

Dette bildet er tatt i ambulansen på Tau-ferja. Erika hadde navlestrengen to gonger rundt halsen og var difor svært blå rett etter ho blei fødd. FOTO: PRIVAT

Ho fortel at Hjelmeland har ei fantastisk jordmor som seier dei fødande berre må ringe henne også når ho har fri. Jorunn seier det er heilt sprøtt kor raskt ein fødsel kan gå når riene set i gong.

– For meg blei det heile er sjokkarta, men gledefylt oppleving. Eg såg både glad og gal ut etterpå, ler ho.

På AMK-sentralen helsar vakthavande fødselsfølge velkommen og gratulerer. Han har site ringside og fått med seg ferjefødselen via sambandet.

Fortel til alle ho møter

På sjukehuset er det nattestille i korridorane, noko som skuffar den oppspilte mora ørlite fordi ho gjerne vil ropa ut for all verda at ho har født. På føden er ho på beina etter ein halvtime og ennå høg etter opplevinga fortel ho alle ho møter at ho nettopp har født - på Tauferja.

Kvar gong dei reiser med Tau-ferja nemner dei alltid at her blei Erika født når dei nærmar seg Bybrua.

Jorunn Nærheim i trygge hender hos jordmor Anne Grethe Helgøy på sjukehuset. FOTO: PRIVAT

Agate og foreldra Anna og Lars Lunde fotograferte i ambulansen like etter fødselen på Sandsfjorden. FOTO: PRIVAT

Anna Lunde (35) frå Suldal:

Agate blei fødd på Ropeid-ferja

Det er kveld 22. oktober 2010. På Suldalsosen går høggravide Anna Lunde og kjenner at noko er i ferd med å skje. Klokka 21.30 ringjer ho jordmor, då går også vatnet.

Ho bur om lag to timar unna sjukehuset i Haugesund.

Då ho fekk dei to eldste barna hadde ho og mannen kjørt til sjukehuset i eigen bil, men denne gongen kjende Anna på seg at det ville vera tryggast med ambulanse og det får ho.

Er riene så tette?

I all organiseringa med å pakka og skaffa barnevakt, merkar ikkje Anna at riene har blitt ganske tette, men då ho kjem i ambulansen, finn den eine ambulansearbeidaren ut at dei kjem med tre minuttars mellomrom.

At dottera ville ut alt midt på Sandsfjorden, kom som ei overrasking.

Då ambulansen står på Sand og ventar på ferja som skal gå klokka 22.45 har Anna ei kjensle av at ho ikkje ville nå sjukehuset, men at dottera ville ut alt midt på Sandsfjorden, kom som ei overrasking.

Klokka er nokre få minutt på elleve om kvelden 22. oktober 2010. Ferja «Sand» er berre få minutt unna kaien på Ropeid kor jordmora frå Sauda sit og ventar på den fødande som er om bord.

Ta av deg kleda

Pappa Lars Lunde har nett vore inne hjå kona Anna som ligg på båra. Ho har også ein ambulansearbeidar inne hjå seg. Riene kjem tett som hagl, så ektemannen lukkar døra for å la henne få litt fred, og set seg inn i sin eigen bil att.

Like etter han har gått ut, ser ambulansearbeidaren at Anna er i ferd med å føde. Ambulansesjåføren kjem også bak i bilen og dei to ber henne ta av seg kleda.

– Eg var heilt i ørska på det tidspunktet, men eg meiner eg protesterte, fordi eg ikkje trudde eg skulle føde heilt ennå, men karane viste handlekraft og fekk tatt av meg kleda, og på to pressrier var Agate ute, fortel suldalskvinna.

Då er klokka 22.54.

Ein ny passasjer

Barnet skrik med det same og den eine mannen går ut for å henta den nybakte faren i bilen bak ambulansen.

Anna minnest det var trongt i «fødestova» for ho reiste med ein liten og låg ambulanse.

Like etterpå legg ferja til kai på Ropeid og jordmora kjem springande over ferjelemmen. Ho tek seg av morkake og klipper navlestrengen.

– Eg hugsar eg var litt uroleg for at ho skulle snu og dra tilbake til Sauda, sidan eg hadde fødd, men heldigvis blei ho med meg i ambulansen til sjukehuset i Haugesund, fortel 35 -åringen.

Turen til Haugesund gjekk med til amming og trøysting av den nyfødde. Anna får også ringt heim til mor si og fortald at ho har fødd.

– I Ølen stoppa ambulansen og snudde båra mi, slik at det skulle vera meir trafikksikkert. Både jordmora og den eine ambulansearbeidaren sat bak i bilen med meg, og me tre bytte på å halda Agate som gret ein del, minnest ho.

Den gode kjensla av å komma til sjukehuset ferdig fødd sit også godt i.

Følte meg trygg

– Det var så herleg å berre liggja der og slappa av på båra under den varme dyna. Eg hugsar me møtte ein person i sjukehuskorridoren i Haugesund om natta, som påpeika at dette måtte vera ein heilt fersk baby.

Anna er glad for å bu i ein kommune der følgjetenesta ikkje er truga, for takka vera at ho hadde kyndige og proffe fagfolk rundt seg, blei ikkje den brå fødselen noko traumatisk oppleving. Ho trur det ville vore meir nervepirrande om fødselen hadde skjedd med berre henne og ektemannen til stades i ein bil.

Ferjesambandet der Anna fødde blei lagt ned for vel eit år sidan då Sandsfjordbrua kom, men i åra etter tenkte Anna ofte på fødselen når ho reiste med ferja, spesielt om ho såg at ambulansen også var om bord.

Lene Vervik (23) frå Sandnes:

Tobias blei fødd på stovegolvet

Måndag 7. september 2015 går Lene Vervik rundt i husværet på Austrått i Sandnes og er uroleg. Den unge kvinna ringjer til fleire jordmødrer og helsesøstrer i Stavanger og Sandnes i løpet av dagen, for ho er skuffa over at ho blei send heim frå sjukehuset dagen før. Ho har om lag seks centimeter opning.

Hennar første barn var ute etter berre to og ein halv time. Lene er overtydd om at nestemann vil bli fødd heime, dersom ho ikkje får komma seg inn på sjukehuset att.

Overhysterisk

Ingen av fagfolka ho snakkar med denne dagen støttar henne. Dei rår henne til å stola på sjukehuset si avgjerd, og seier ho heller må vera glad for å kunna vera heime, og at ho ganske sikkert vil kjenna det, når fødselen startar.

– Eg fekk ei kjensle av at dei tykte eg var litt hysterisk, fortel tobarnsmora.

Det tek rundt 20 minutt å komma seg til sjukehuset frå der ho bur.

Om kvelden går ho heile tida rundt og håpar fødselen skal starta. Klokka 00.30 går ho og legg seg. Klokka 01.30 vaknar ho av sitt eige skrik.

Ho har så frykteleg vondt, men der liknar ikkje på smertene frå førre fødsel, så Lene skjønar med det same ikkje kva som skjer. Ho vekkjer sambuar Anders og går sjølv inn i dusjen, men det varme vatnet hjelper ikkje mot smertene som herjar i kroppen.

Sambuaren ringjer sjukehuset og får beskjed om at dei berre kan komma innover. Deretter får han tak i søstera som skal vera barnevakt for storebror Jonas (2,5).

Barnet har hastverk

Like etterpå gir Lene beskjed om at ho ikkje vil greie å komme seg til sjukehuset og ber Anders ringje sjukehuset på nytt.

Sjølv legg ho seg strekk ut på stovegolvet. Frå sjukehuset får dei beskjed om at ein ambulanse vil komma. Lene ligg og slår nevane i golvet for å halda smertene i sjakk.

Ungjenta fortel at midt i smerta var ho klartenkt som berre det, og kunne ramsa opp personnummeret sitt til sjukehuset.

Svigerinna som er utdanna ambulansesjåfør, var kommen på plass. Ho var oppglødd for Lene hadde lova henne at dersom dei fekk anna barnevakt, skulle ho få vera med på fødselen. Nå såg det ut til at ho både kunne vera barnevakt og få med seg fødselen samtidig.

Sambuaren går utolmodig og speidar etter ambulansen. Minutta synest dryge, men klokka 01.47 høyrer dei bildur. Like etter kjem to ambulansearbeidarar og ein legevaktlege inn.

Dei ser raskt at her blir det fødsel om få straksar og går ut att og hentar fødebagen i bilen. Legen ser hovudet på barnet med det same Lene Marie har fått kledd av seg.

Jordmor i helikopter?

– Sjølv var eg overhyggelig og hadde full oversikt, sjølv om me var midt i ein flyttesjau, hadde eg kontroll på kva øskjer handkleda låg i. Våtservietter og teppe likeeins. Eg bad også nokon om å sjekka at storebroren sov trygt, for eg ville ikkje at han skulle vakne i alt oppstyret, fortel ho.

– Helsepersonellet byrja å stryka på meg, minnest eg, men det ville eg ikkje ha noko av. Ein av dei på ambulansen ringde sjukehuset for å få tak i jordmor. Det var planen å sende ei i helikopter, men det blei raskt droppa då det ikkje fanst høvelege landingsplassar på Austrått. Så jordmora nådde ikkje fram i tide, fortel 23-åringen.

Legen må trø til

Det blei legen som tok i mot barnet som var ute klokka 01.59, med ambulansearbeidarane, svigerinna og sambuaren som tilskodarar.

Lille Tobias blei lagt rett opp på magen hennar. Meir blei ikkje gjort før jordmora kom inn dørene ti minutt seinare. Lene minnest dei la morkaka i ein kvit bossekk, for å ta henne med til sjukehuset.

– For meg blei det ei fin oppleving å føde heime. Etterpå hadde eg ei enorm kjensle av meistring. Det er heftige greier å føda så fort, kjempekjekt, spanande, interessant og sinnsjukt vondt på same tid. Du får heile pakken av kjensler. Det må jo vera verre å pinast i mange timar. Eg var aldri redd medan det stod på, likevel minnest eg at det kjendest godt å ha fått ambulansefolka i hus. Det var først då eg byrja å pressa.

Dronning i ambulansen

På veg til sjukehuset i ambulansen følte Lene seg heilt fresh.

– Det kjendes som eg kunne tatt ein joggetur rundt Stokkelandsvatnet der og då.

– Dersom eg skal ha fleire barn, er eg blitt råda til å gå for planlagt heimefødsel. Og så lenge me bur her, kan nok det vera eit greitt alternativ. Flyttar me tilbake til Ryfylke, før me får fleire, ser eg ikkje for meg å føde meir på grunn av den lange vegen til sjukehuset, påpeiker ho.

Dei første bileta i stova er tatt rundt 8 minutt etter Tobias kom ut, med ein vannskada mobil, for i all hurlumheien tok Lene telefonen med inn i dusjen før fødselen. Her ligg den stolte mora med «trofeet» på magen.

FOTO: PRIVAT

Marianne (5) sammen med sin nyfødte lillesøster Kathrine i 1978. Begge to er født i taxi på Motorveien. FOTO: PRIVAT

Eli Lind fra Egersund:

Hun har født i taxi to ganger

Eli Lind fra Egersund fødte den ene datteren på Ålgård og den andre på Gausel. Begge ble født i taxi.

Egersund, 1973. Høygravide Eli Lind nærmet seg termin og hadde derfor forflyttet seg til mor i Bjerkreim, slik at hun kunne passe på eldstesønnen når Elis neste barn kom.

Noe som skjer?

15. oktober klokka ett på natta gikk vannet. Hun pakket med seg håndklær og tepper, fikk tak i taxi og jordmor og kom seg av gårde innover mot Stavanger.

Eli var ikke redd, for hun hadde hørt at det sjelden var komplikasjoner med barn født i styrten. De som blir født sånn er friske unger, hvis de er født til termin, hadde hun hørt.

Alt gikk helt fint til Sandnes, og riene var overkommelige. Men ved Sandnes begynte pressriene. Etter ti minutter var de plutselig tre stykk i baksetet. Først da barnet kom ut, skrek mor. Da var bilen på Gausel, langs den gamle Motorveien.

«Skal jeg stoppe, er det noe som skjer,» spurte taxisjåføren.

«Neida, det trenger du ikke,» svarte jordmora.

Så sjåføren fortsatte, og de var på sykehuset klokka tre.

Gutt eller jente?

Den nyfødte jenta ble tatt med til stelling, og mor ble lagt inn på et rom. Da hun våknet, var hun på et rom med mange folk.

«Hva fikk du,» spurte folk.

Men Eli husket ikke. Det eneste hun husket var at babyen var velskapt og hadde svarte krøller.

«Det er sikkert en jente. Nei, det var nok en gutt,» tenkte hun.

Hun kløv over senga for å se på skiltet på kanten, men der stod det ingenting. For barnet var jo ikke født på sykehuset.

Og da sykepleierne kom med barnet, måtte hun sjekke om det var gutt eller jente. Det viste seg å være ei jente på 3000 gram og 50 centimeter.

Og taxisjåføren? Han hadde kjørt drosje i 40 år, og lille Marianne var den første som ble født i hans bil. Dermed ble hun prinsessen hans. Hun fikk presang av ham til hver bursdag, og han klippet ut alt han kom over om henne i avisene.

Så gikk det fem år, og da skulle historien gjenta seg.

Rød ring

Da hun satte seg inn i taxien denne gang, var Eli Lind sikker på at hun ikke ville rekke inn til sykehuset før barnet ble født.

Det skulle hun også ha rett i.

Hun var hjemme i Egersund den 20.juli 1978, da hun våknet av at vannet gikk. Familien hadde ikke telefon, så mannen måte løpe over til naboen for å ringe etter jordmor og taxi.

Denne gangen var helsepersonellet imidlertid klar over at barna til Eli Lind gjerne kom litt kjapt, så det stod en rød ring rundt navnet hennes. Det betydde at jordmora skulle komme umiddelbart.

Satt ut

Hun pakket igjen med seg håndklær og tepper, før hun satte seg inn i baksetet sammen med jordmor. De satt og snakket helt til Skurve, så begynte pressriene. Mor satte i et skrik like ved rasteplassen på Ålgård der de selger jordbær.

Taxisjåføren lurte på hva som skjedde.

«Nå har vi fått ei jente bak her», svarte jordmora, og la til at han ikke trengte å stoppe. Klokka var ti over ti på morgenen.

Men taxisjåføren ble litt satt ut, og måtte ta seg en pust i bakken. Han kjørte inntil veien på motsatt side av rasteplassen.

Hvor?

Da de kom inn til sykehuset følte Eli at alle stod og så på dem i vinduene. Helsepersonell kom ut og hentet babyen, men da hun selv skulle gå inn, følte hun ikke for at folk skulle se hvem hun var. Derfor kastet hun en gul kåpe over hodet, før hun spaserte inn på sykehuset.

Da hun var på plass i en seng, kom en sykepleier bort.

«Mannen din ringer og spør hvor barnet ble født, « spurte hun.

«Hils og si at jenta ble født på Ålgård», svarte den ferske trebarnsmoren.

Lille Kathrine var frisk og rask, 3500 gram og 50 centimeter.

Gina Engen fra Lea:
Fødte i minus 12 grader

En iskald januarnatt på Motorveien. Nattønsket på radioen. Der ble Espen født.

Mandag 23. januar 1996, våknet Gina Engen hjemme på Lea i Sandnes med en rar følelse i ryggen. Kvelden før hadde hun lest et avsnitt i en bok om hva man skal gjøre hvis man ikke rekker fram til sykehuset i tide.

«Nå er det noe på gang her», tenkte hun, før hun vekket han som da var mannen hennes og ba ham ta seg en dusj fordi de måtte dra til sykehuset. Hun ringte og fikk beskjed om å komme innover.

Fem på halv tre var faren hennes på plass for å passe eldstemann, og de to kjørte innover mot Stavanger. Men da de nådde Kvadrat, var smertene intense.

«Jeg skulle hatt smertestillende», tenkte Gina.

Ved den gamle heliporten fikk hun øye på en taxi som kom kjørende. På grunn av at det ble jobbet med å utvide Motorveien til to felt, var veien snevret inn litt. Siden de ikke hadde mobiltelefon, ba Gina mannen Harald om å kjøre inntil veien og gå ut og stoppe taxien for å spørre om han kunne få sykebilen til å komme imot dem med smertestillende.

Samtidig som drosjesjåføren ringte, ropte Gina Harald inn igjen i bilen. For der var hodet på vei ut.

Og samtidig som drosjesjåføren fikk kontakt med sykehuset, kom lille Espen til verden. Klokka var kvart på tre og det var minus tolv grader denne natta. Derfor måtte vinduene være igjen, men på utsiden stod taxisjåføren og snakket i telefonen med jordmor.

«Han skriker ikke, spør hva jeg skal gjøre», ropte Gina gjennom vinduet.

Hun fikk beskjed tilbake om å fjerne slim fra barnets munn. Da kom han med godlyder som bekreftet at han pustet. Og i og med at moren hadde lest kapittelet om hva man skal gjøre i sånne situasjoner, visste hun at hun skulle legge barnet på magen og ikke røre navlestrengen.

Harald tok av seg genseren og pakket den godt rundt den nyfødte. De skrudde varmeapparatet på fullt og ventet på sykebilen. På radioen surret Nattønsket. I taxien satt taxisjåføren med jordmor på tråden. Etter 20 minutter kom jordmor i sykebil og fikk tatt med seg mor og barn.

Passasjeren i taxien slapp for øvrig å betale for ekstra lang ventetid.

I ettertid tenker Gina på fødselen som en fantastisk opplevelse, og hun synes tannlegen er verre enn å føde. Tannlegen tar lengre tid.

Espen er nå blitt 21 år.

Her er nyfødte Espen etter at han har ankommet sykehuset. FOTO: PRIVAT

Gro Vaskinn Skailand fra Egersund:
Fødte med solbriller på ved Kvadrat

Gro Vaskinn Skailand beskriver E39-fødselen som en drømmefødsel.

Supersommeren 2014 hadde tatt tak i Rogaland da Gro Vaskinn Skailand kjente at fødselen var igang hjemme i Egersund. Da riene kom med fire minutters mellomrom, ringte hun sykehuset. Sammen med mannen Jan Magnus Solheim, dro hun innover mot Stavanger.

Sola skinte, det var tidlig ettermiddag, fellesferien var i gang. Torsdag 3. juli. Men i bilen til Egersunds-paret ble riene tettere og kraftigere dess mer de nærmet seg Stavanger.

På Ålgård var det såpass at de ringte sykehuset på ny.

«Vi står klare ved hovedinngangen med en rullestol,» fikk de beskjed om.

Ved Ganddal kom riene enda tettere, og de ringte sykehuset nok en gang.

«En seng er klar på akutten,» var beskjeden.

Men da de kom til avkjørselen ved Kvadrat, ble det klart at paret aldri ville rekke fram til sykehuset i tide.

«Nå kommer han, du må stoppe, « sa Gro.

Jan Magnus heiv bilen inn i grøfta og satte på nødlysene.

Klokka var litt over 14.

Han løp rundt bilen og åpnet døra. Da så han toppen av hodet. Og selv om det var første gang han var jordmor, beholdt Jan Magnus roen. I løpet av et lite minutt var hele Odin ute.

Far tok sin nyfødte sønn og la den opp på mors mage.

På telefonen hadde de sykehuset.

«Han griner, han griner,» ropte en glad mor.

De fikk beskjed om å komme inn på sykehuset med gutten.

«Hold han varm», var beskjeden.

De pakket seg inn i bilen igjen og kjørte de få minuttene inn til Stavanger universitetssjukehus. Lille Odin frisk og rask, mor fremdeles med solbrillene på. Han var 2930 gram og 48 centimeter.

Først da de var installert på sykehuset kom de på hva de hadde glemt i farten: beviset. De glemte å ta bilde der på veiskulderen ved Kvadrat.

I dag er Odin to og et halvt år, frisk og rask og høyt og lavt.



Dette er det første bildet som ble tatt av lille Odin sammen med mamma Gro Vaskinn Skailand, idet de ankom sykehuset og før navlestrengen ble klippet. FOTO: PRIVAT

– Ikkje trygt nok uten jordmor

Politisk leiar i Den norske jordmorforeningen, Kirsten Jørgensen, er uroa over at følgjetenesta blir lagt ned stadig fleire stader i landet. Følgjetenesta er ofte salderingspost når økonomien i helseføretaka skrantar.

Jørgensen meiner mor og barn sin tryggleik ikkje er godt nok ivareteken med berre ambulansepesonell til stades.

– Det blir trekt fram at slike raske fødslar vanlegvis endar godt. Og det stemmer, reint medisink, både mor og barn overlever, men ein gløymer å tenke på den psykiske påkjenninga der er å ligge fastspent i ein ambulanse, gjerne med sterke rier. Det kan kjennast både uverdig og særs ubehageleg. Dessutan veit ein aldri når kraftige blødingar oppstår, påpeikar ho.

Talet på fødestover har minka kraftig sidan 70-talet. Då fanst det 158 større og mindre fødeinstitusjonar i landet. Nå er talet nede i 50. Så i tillegg til at kommunane prioriterer vekk følgjetenesta, får mange kvinner i tillegg lenger reiseveg. Dermed aukar talet på fødslar i farten både på landsbygda og i byane, fortel Jørgensen.

Det siste forklarer ho med at dei store fødeavdelingane har så stor pågang, at kvinnene som bur nærast ofte ventar lenger heime.

For få og små stillingar

Norge har for få jordmødrer, eit anna problem er at det blir lyst ut for få og for små stillingar, som ingen kan leve av, fortel ho.

Jørgensen meiner difor kommunane bør tenkje alternativt. Ho viser til at sjølv om kommunen har få fødslar kan dei nytte jordmora til mange andre ting enn fødselsomsorg, til dømes ammehjelp og anna barselomsorg. Dette vil vera ekstra kjærkomme nå når kvinnene kjem raskt heim etter fødselen, framheld ho.

Skjønar bygdekvinners uro

– Me må akseptere at styresmaktene bestemmer kor den enkelte skal føde, men då må staten samstundes sikre kvalifisert følgje og hjelp. Vi i Den norske jordmorforening arbeider bevisst mot lokale og nasjonale politikarar for å sikre dette, understrekar Kirsten Jørgensen.

– Ingen andre enn jordmora kan gi ei fødande fullverdig hjelp under ein transport til sjukehuset. Eg skjønar godt at kvinner på bygda kjenner seg utrygge når dei må legga ut på reis utan jordmor. Kvinner bør kunna vita at det er trygt for dei å få barn same kor dei bur, og den tryggleiken er det nærværet av ei jordmor som kan gi, seier ho.

FAKTA

Fødslar utanfor sjukehus

Statistisk sett føder kvar dag ei kvinne i Norge heime eller på veg til sjukehuset. Dette gjeld på landsbasis mellom seks og sju av 1000 barn. I Rogaland blir gjennomsnittleg mellom fem og seks barn per tusen barn fødde på denne måten.

Risikoen for å føde uplanlagt utanfor institusjon har dobla seg dei siste 30 åra. Talet på slike fødslar (heimefødslar og transportfødslar) ligg nå kvart år på rundt 400 i året, viser tal frå Medisinsk Fødselsregister.

Aftenbladet møtte Silje Espnes, Terry André Haugstad og nyfødte André et par dager etter fødselen nyttårsaften 2011. FOTO: PÅL CHRISTENSEN

Silje Espnes fra Helleland:

André ble født på Stangeland

Kjøreturen fra Helleland til Stavanger ble hakket for lang da lille André kom til verden.

Det var nyttårsaften 2011, klokka var 03.30. Ei uke før Silje Espnes sin termin. Hun ventet sitt andre barn. Nå, grytidlig på morgenen på årets siste dag, våknet hun og kjente at vannet gikk. Silje Espnes og hennes daværende samboer Terry André Haugstad bodde på Helleland. Det er et stykke fra Helleland til Stavanger akkurat i sånne tilfeller.

Hun vekket samboeren, og ringte barnevakten, Siljes søster. I hui og hast kom hun for å passe datteren Emma (5), som fremdeles sov.

Først en drøy time senere, mellom halv fem og kvart på fem, fikk de satt seg inn i Renaulten. Bilen var bare to dager gammel.

«Vi må dekke til passasjersetet med en søppelsekk og håndklær,» tenkte Silje. Som tenkt, så gjort. Omsider fikk de lagt av gårde på den timeslange turen innover mot Stavanger.

Ute var det fremdeles mørkt, men i fjøsene langs E39 var bøndene igang med årets siste morgenstell.

I Bjerkreim, fremdeles rundt 50 minutter fra Stavanger, kjente Silje at riene begynte. Paret, som begge var 24 år, ringte sykehuset. I og med at Emma ble født ganske kjapt, ble de urolige for at det samme kunne skje denne gang. De tenkte kanskje at det ville bli sendt en ambulanse, men fikk beskjed om bare å kjøre videre.

Så de kjørte. Over Runaskaret, forbi Søylandskiosken og Skurve. Det var nesten ingen trafikk på veiene, men vintertemperaturene holdt tak i Rogaland. Terry holdt en solid fart.

Silje kjempet seg gjennom riene, og Terry prøvde å holde kontroll på hvor lang tid det var mellom dem. Omtrent ett minutt, fant de ut. Det betydde at det nærmet seg.

Og da de nådde Ålgård, fremdeles en liten halvtime fra sykehuset, begynte pressriene.

Nok en gang ringte de etter ambulanse, og fikk beskjed om at den skulle komme dem i møte. Jordmor ble værende på telefonen med Terry.

Og så gikk det hele ganske fort. Etter fire press, ga Silje klar beskjed:

«Nå kommer han!»

De hadde kommet til Stangeland da Terry måtte vrenge bilen ut i grøfta og skru på nødblinken. Fremdeles sittende i førersetet skiftet han kjapt rolle fra sjåfør til jordmor. Klokka var 05.20. Rogaland hadde fått en ny innbygger. Og den lille ga kjapt lyd fra seg.

Og akkurat idet han satt med sin nyfødte sønn i armene, kom ambulansen kjørende på andre siden av veien. De fikk snudd, og da ambulansefolkene omsider kom fram lå gutten trygt på mammas mage. I bilen stod varmen på fullt, men med dører opp og igjen ble det litt kaldt for den lille. Mor og barn ble tatt med til sykehuset, der lille André fikk litt ekstra varme. Han var 3215 gram og 49 centimeter.

Hver gang Silje kjører til Stavanger, må hun kikke ekstra godt ut vinduet når hun passerer Sandnes.

André ble fem år gammel nyttårsaften 2016.

Linda Thue Engelsvoll fra Nærbø:

Malin ble født ved avkjørselen til Madla

Heldigvis laget Malin lyd da hun ble født, på passasjersiden, like ved avkjørselen til Madla.

Klokka var 02.00 den 9.mars 2009 da tobarnsmor Linda Thue Engelsvoll våknet og kjente at det presset i magen. Det var fremdeles 15 dager til hun hadde termin, men i og med at det var litt vondt, stod hun opp av senga.

«Jeg får vel pakke litt ting i en bag, bare for sikkerhetsskyld,» tenkte Linda denne vinternatta. Men dess mer hun begynte å gå, dess mer vondt fikk hun. Og hun forstod at det nærmet seg fødsel mye kjappere enn hun hadde tenkt.

Linda ringte føden klokka halv tre, og fikk beskjed om at det var bare å komme. I full fart fikk de organisert barnepass til de to andre barna, og halv fire var de utav døren på Nærbø.

I og med at det var natt, og situasjonen var som den var, gikk det nok litt fortere enn normalt innover langs Fylkesvei 44 mot sykehuset. Men da de kjørte av på E39 ved brannstasjonen på Sandnes, ga Linda klar beskjed til mannen Erlend.

«Når føler jeg hun kommer. Ring 113.»

«Neida, det går nok greit,» svarte han.

Men Linda kjente at hun ikke klarte å holde igjen, og de ringte sykehuset og ble satt over til føden. De hadde jordmor på tråden. Da de var ved avkjørselen til Madla, ga jordmor klar beskjed:

«Kjør til siden»

Det gjorde de.

Mens Linda holdt seg fast i passasjersetet, kom Erlend rundt bilen. Det pøsregnet ute. Han hadde fremdeles jordmor på tråden, men måtte legge fra seg mobilen da han åpnet døren, og så et lite hode på vei ut. Ambulansen var på vei fra sykehuset, men måtte kjøre et langt stykke ekstra for å komme over i riktig kjørebane.

Så far stod i ute regnet og prøvde å hjelpe det lille barnet ut. Han pleier å ta livet ganske med ro. Så verken det at skuldrene satt litt fast eller at navlestrengen var rundt halsen på den lille jenta, satte ham ut. I stedet tok han tak, og nærmest skrudde datteren ut.

Hun grein.

Mor og far trakk et lettelsens sukk.

De hadde ikke rukket å få med seg teppe hjemmefra, så lille Malin ble svøpt i en softshell-jakke og lagt i mors armer.

«Når føler jeg hun kommer. Ring 113.»
«Neida, det går nok greit,» svarte han.

Imens kom ambulansen til stedet, men de så ikke ut til å ha det travelt. Da de kom bort til bilen, var de litt forvirret. Barnet var jo født!

De tok med seg mor og datter inn i ambulansen. Far kjørte egen bil. På sykehuset ble hun veid og målt: 2892 gram og 47 centimeter.

Før fødselen hadde Linda tenkt at hun hadde lyst til å føde på en annen måte enn tidligere. Det ønsket ble iallfall oppfylt. I ettertid har Linda tenkt på at det er ganske fascinerende at Malin ble født i bilen. Hun er glad for at det gikk så bra.

Og hver gang de kjører forbi stedet på vei til Stavanger, sier de til hverandre:

«Her ble Malin født!»

Nå er det snart åtte år siden.

Her har Linda Thue Engelsvoll og hennes nyfødte datter Malin akkurat ankommet sykehuset. Ambulansefolkene i bakgrunnen rakk ikke fram før Malin ble født langs E 39, men fraktet mor og datter trygt til sykehuset. FOTO: PRIVAT

Ambulansesjåføren tok dette bildet av den nybakte trebarnsfamilien like før mor og barn blei kjørt til Stavanger i ambulanse. FOTO: PRIVAT

Arnt Olav Klippenberg (60), Egersund:

Ein jordfars historie

Det er tidleg morgon den 3. juli i 1990. Arnt Olav vaknar av at den høggravide kona Sidsel Margrethe Salvesen går ut på do. Klokka er rundt 05.30. Minutta går og kona kjem ikkje tilbake frå toalettet, så Arnt Olav blir litt uroleg og går ut for å sjå kva som skjer.

Han finn kona sitjande på toalettet, men ho er ikkje seg sjølv, ho verkar nesten svimeslått, registrerer ektemannen.

Sidsel Margrethe registrerer tilsynelatande ikkje kva som er i ferd med å skje, så Arnt Olav tek affære. Han får geleida kona inn på soverommet, og idet han er i ferd med å leggje henne ned på senga, ser han hovudet på barnet.

Kona er framleis heilt omtåka og fråverande.

– Eg hugsar eg tok tommeltott og peikefinger på begge hendene og fekk plassert desse rundt barnets skuldrer, så drog eg barnet forsiktig ut og la det på magen til kona mi. Deretter gjekk eg ut på kjøkkenet kor me hadde telefonen, og ringde jordmora som kom 20 minutt etterpå, fortel Klippenberg.

Jordmora tok seg av navlestreng og morkake. I mellomtida hadde Arnt Olav vekt hybelbuaren i huset som var turnuslege og bede han ta ein kikk på kona, men legen konstaterte raskt at det ikkje var noko for han å gjere.

– Victoria ble født hjemme i Årstaddalen i går. Sissel Salvesen og Arnt Olav Klippenberg.

Fødselsmeldingen i avisen.

Handla på instinkt

– Så han må ha vore nøgd med jobben min. Eg handla på reint instinkt. Eg hadde aldri våga å ta i mot eit barn om det hadde vore ei planlagt hending, men nå måtte eg berre gjere det. Det blei nok ei meir dramatisk oppleving for dei to eldste barna som vakna av oppstyret. Dei kom inn på soverommet og fann mora med ein ny baby og navlestreng oppover magen. Dei var stille og alvorlege heile morgonen etter opplevinga, minnest trebarnsfaren.

– For meg blei dette ei stor oppleving og eg hugsar eg måtte fortelje det til alle eg møtte då eg gjekk rundt i byen seinare på dagen. Det er stort å få ta i mot sitt eige barn, slår han fast.

Dottera han tok i mot fekk namnet Victoria. Ho vog 2860 gram og var 47 centimeter lang.

Arnt Olav legg til at i ettertid då hans eigne døtrer har vore gravide har han spøkt med at dersom det skjer noko, er det berre å ringe pappa.

– Eg var ikkje redd medan det heile stod på, men eg hadde nok blitt stressa om det hadde blitt komplikasjonar, seier han.

Drosjesjåførar er jordmødrer

I alle år har fødande frå Eigersund blitt sende til Stavanger. Arnt Olav plar spøka med at ingen har tatt i mot fleire barn enn byens drosjesjåførar. Men for 30 år sidan var fødeomsorga betre enn nå. Då fekk dei fødande med seg jordmor i drosjen. Nå må den fødande reise i eigen bil. Det er eit paradoks at fødetilbodet var betre for 30 år sidan enn nå, avsluttar Klippenberg.

Jeanette Kallestein fra Egersund:
Fødte ved Kvadrat

Husker du julaften 2010? Snøstorm. Det var den julen været var så ille at ingen hadde kjørt noe sted med mindre det nettopp var julaften.

Hjemme i Egersund skulle Jeanette Kallestein bare stelle seg litt for å gjøre seg klar til julekvelden. I tillegg til jul, skulle de også feire bursdagen til datteren. Klokka var halv seks, julen var ringt inn. I nabohusene luktet det pinnekjøtt.

Jeanette var gravid, men det var tre uker til termin. Hun hadde litt vondt i ryggen og magen, men gikk i dusjen likevel. Hun kledde seg og gikk ut på kjøkkenet for å gjøre klar maten.

Men så gikk vannet. Dette barnet hadde ikke tenkt å vente til det ble midten av januar.

Hennes eldste barn kom til verden på rekordtid, bare 25 minutter etter at mor ankom sykehuset. Jeanette ante derfor at dette også kunne gå fort. Hun ringte først ambulanse, og så taxi da hun ikke fikk ambulanse.

Og så gjorde hun og hennes daværende mann Glenn Fotland seg klar til å dra. Men ingenting skjedde, ingen taxi kom. Tiden gikk. Jeanette kjente at riene begynte å komme. I varme stuer rundt omkring i byen fikk noen åpne sin første presang, julaften gikk sin vante gang.

Én time senere kom taxien. Både mor, far og taxisjåføren var lettere stresset. Og ute stormet snøen fortsatt. Hvis det er en drøy time til Stavanger i fint vær, kan man plusse på en del ekstra i snøstorm.

På E39 forstod Jeanette at dette barnet hadde tenkt å komme, og det før de nådde sykehuset. De kontaktet sykehuset, som sendte en sykebil på vei mot taxien. De møttes på en rasteplass på Ålgård. Jeanette måtte flyttes over på båre, før ambulansen kjørte videre mot sykehuset. Klokka var sju da de plukket opp en jordmor ved legevakten i Sandnes, før de skulle til å kjøre i full fart videre. Jordmora kom inn, spurte hvordan Jeanette hadde det og så måtte ambulansen stoppe. Den var bare så vidt kommet tilbake på Motorveien. Ti over sju var lille Markus født. Frisk og rask, men ganske kald. Han måtte ligge med varmeposer på seg det siste stykket inn mot sykehuset. Der ble han veid og målt: 3303 gram og 48 centimeter.

Nå har Jeanette to barn som begge er født julaften. Og hun hadde termin med begge 16. januar. Begge to kom i full fart, men bare én på Motorveien.

Ti over sju var lille Markus født. Frisk og rask, men ganske kald.

Lille Markus ble født julaften 2010. Her er han fotografert idet han var trygt på plass på sykehuset. FOTO: PRIVAT

Ordføraren i Hjelmeland: – Folk bør ikkje vera så redde

Ordførar Bjørn Laugaland minner fødekvinnene om at ambulansetenesta kan tilby mykje meir avansert hjelp nå enn for få år sidan. Laugaland minner om at fødslar som går fort, i all hovudsak er ukompliserte og endar godt.

Hjelmelandsordføraren har vore ambulansearbeidar i ei årrekke og har sjølv assistert ved sju fødslar kor jordmora har spela hovudrolla. Han er den første til å beklaga at dei fødande i Hjelmeland ikkje lenger får følge av jordmor når dei reiser til sjukehuset for å føde, men vil ikkje overdramatisera situasjonen.

– Me har i mange år hatt eit samarbeid om følgjetenesta med Strand, men når Strand i fjor sa opp denne avtalen, kan me ikkje halda på ordninga åleine. Me har berre ei jordmor, og det ville vore umenneskeleg om ho skulle vore på vakt kvar dag døgnet rundt, forklarar Laugaland.

– Me har ikkje råd

Skulle kommunen hatt ei vaktordning åleine, ville ein måtta hatt tre jordmødrer i full jobb.

– Det ville ha kosta kommunen millionar av kroner, og med 35 fødslar i året er ikkje det ei løysing me kan gå inn på, og det er eigentleg ikkje vårt ansvar heller, minner han om.

Ordføraren legg til at følgjetenesta som kommunane i ytre Ryfylke har tilbydd kvinnene har vore ekstra-service. Dette er nemleg ikkje eit lovpålagt tilbod. Det er helseføretaka som skal betala for følgjeteneste med jordmor, men ordninga omfattar berre kvinner som har meir enn halvannan times reisetid til sjukehus og som bur i område kor det er meir enn femti fødslar årleg. Kvinnene i ytre Ryfylke er såleis ikkje omfatta av den statlege følgjetenesta, slik som kvinnene i indre Ryfylke.

– Bortfallet av følgjetenesta i Hjelmeland har ført til stor misnøye mot dei kommunale politikarane. Ordføraren meiner det blir feil å kritisera dei folkevalde for noko staten bør vera rette adressat for.

– Strammare kommuneøkonomi dei siste åra har gjort at me må ta bort mange gode tilbod, utdjupar han.

– Han legg til at vaktordninga til tider i stor grad har kvilt på stor godvilje frå jordmødrer som har strekt seg langt og stundom jobba gratis fordi dei av samvitsgrunnar ikkje har ønska å sende fødande åleine til sjukehuset.

Trøysta er at ambulansetenesta har stor fagkunnskap, difor meiner eg framleis det er trygt å få barn i Ryfylke, understrekar ordførar Bjørn Laugaland.

Virksomhetsleiar ved Familiens Hus i Strand, Kristin Strand Fossdal, seier det er mangel på jordmødrer som er grunnen til at kommunen måtte kutta ut følgjetenesta som ein samarbeidde med Hjelmeland om. Nedtrappinga skjedde gradvis, og Fossdal meiner at ting har gått seg til.

Heller by enn bygd

– Me syter for å gi dei fødande veldig god informasjon om når dei bør ta kontakt med sjukehuset.

Strand kommune manglar i dag 1,25 jordmødrer. Ei er i permisjon og ei byrjar i jobb att snart, men kommunen kan ikkje lenger prioritera følgjeteneste fordi nye retningslinjer frå staten krev at jordmødrene dreg på heimebesøk til alle barselkvinner ein til to dagar etter fødselen.

Ordfører Bjørn Laugaland.

Strand lyser jamleg etter nye jordmødrer, men slit med rekrutteringa. Dette trur Fossdal heng saman med at det blir utdanna for få jordmødrer og at mange heller vil arbeida ved sjukehusa.